



Terrengordet avløype

Av Jesse Bratt

This article tries to find the meaning of the word avløype. The word is undocumented in dictionaries, but is used in 157 places names in Western Norway. It may once have used to describe shore areas between the high-water mark and low-water mark. But many places the names denote do not match this description today. The article's analysis is based on a review of the literature, metadata from name archives, maps of the places the names denote, and letters from local historical societies.

Det er funne 157 stader i Noreg med namn som inneheld ordet *avløype*. Stadene finst i hovudsak langs vestlandskysten, i ei stripe mellom Boknafjorden og Nordfjord. *Avløype* er eit bustadnamn i Sveio, Fitjar, Solund og Askvoll. Eit søk på nettsida til Statistisk sentralbyrå 3. juli 2020 viste at det fanst 28 personar med etternamnet *Avløyp*.

I Norsk Ordbok er ikkje ordet *avløype* nemnd, men det står følgjande om substantivet *avlaup*:

1. høve for vatn (el anna væte, gass o a) til å renna bort (el unna) [...]
2. stad (opning, grøft røyr o l) der vatn (el anna væte, gass o a) renn (kan renna) bort [...]
3. det å gå ut over dei rette, rimelege grensene; det er gå over streken [...]

Det ligg ein setel i arkivet til Norsk Ordbok med eitt døme på *avløype*, som stadnamn frå Sunn- og Nordhordland, utan tolking.

1 Tolkingar

Ulike namneforskarar har tolka ordet ulikt i stadnamn. I *Norske Gaardnavne* 11 (1910) skriv Magnus Olsen følgjande om *Avløypet* i Sveio:

Afløpet. Udt. *ā`vløipe*. – Afløbet 1723.

Findes ogsaa i Fitjar (GN 18, 2), i Sulen og i Askvold (Afløb). Et Ord Avløype n. er ikke opført i Ordbøgerne. Betyder maaske: et Sted, hvor man lader noget «løypa av» (jfr. løypa Timber, nedstyrte Tømmerstokke; lade et Skib «løbe af» Stabelen). (NG 11: 110)

Men fleire namneforskarar skriv om stader der terrenget ikkje passar med denne tydinga av 'løype av'. I 1948 skriv Ole Andreas Selle følgjande i hovudfagsavhandlinga *Stadnamn frå eit øyrike (Vestre Bremnes)*:

Tilhøva talar mot ei slik tyding her, då det på dei fleste 'avløypa' korkje kan ha vore tale om skip eller tømmer. 5 av dei 7 avløypa eg har funne er eit nes eller ei halvøy som er mest avskoren frå land ved eit eid eller ein hals. Berre på eine staden er eidet så lågt at havreksten går mellom i stor flod. På inste enden av avløypet er der eit bratt berg nedmed, ned mot eidet. Sauer kan koma ut på sume av stadene, men aldri storfe. Det kan og vera så bratt at folk ikkje kan koma fram. 'Eg meiner det er noko som ikkje er tilgjengeleg frå hovudøya', sa ein heimelsmann. Ved dei to andre avløypa er der ikkje noko eid innafor, der er det bratte berget på ytste enden. Ut mot sjøen er der ei stett eller ein avsats nedafor berget. Ein kan enklast illustrera dei [som i figur 1].



Figur 1.

Namnet må ha samanheng med situasjonen. Sams for alle 7 avløypa er 'det bratte berget nedmed'. Ordet må vera ei avleiing til gno. hlaup n.: hopp, byks, men og *stad* der ein hoppar (Heggstad), sml. og nyno. laupa f. 'avsats, skar i fjeld, hvor et dyr (oftast ved nedsprang), har lett for å hamne fast' (Torp). Tydinga må vera ein stad der landslaget brått 'hleyf af', eller ein stad der ein må byksa (tak for tak) om ein skal koma nedfor.

(Selle 1948: 75–77)

Nok ei tolking skriv Kari Lønning Aarø i *Namnevandring i Stord og Fitjar*:

Avløpet kan knapt ha vore ein stad dei løypte tømmer, sjølv om namnet også

vert brukt om slik verksemd andre stader. Det er nok båtar dei har løypt her. Det var for trongt til at dei kunne ro mellom Avløypet og Ivarsøyno, så båtan måtte hjelpast gjennom sundet på det smalaste. (Aarø og Rabben 2001: 165)

Peter Hallaråker skriv dette i *Skjergardsnamn frå Bremnes*:

avløype n /å:vløype/, jfr. gno. *hlaup* n. Oppt. 5 g om halvøy eller nes som er mest avskore frå land ved eit eid eller ein hals. Det har aldri vore løyping av tømmer e.l. på dei stadene som ber dette namnet, slik at det må vere forma på landskapet som har skapt namnet. Ordet må vere ei avleiing av gno. *hlaup* n og tyde ein stad der landskapet «hleypr af», og det er også karakteristisk for desse fem stadene at det er eit bratt berg ned mot eidet. Ordet er ikkje brukt som terrengord i målføret i dag. (Hallaråker 1976: 29)

Om namnet *Avløypet* opplyser *Norsk stadnamleksikon* (NSL 1997): «[...] øy i Fitjar komm, Hord. O. Nes set det til *avløype* n ‘stad som ligg langt unna og avgøymt (eller trongt) til’. [...]». Det blir vidare vist til Hallaråker 1976. Harald Stautland har ei anna tolking i hovudfagsavhandlinga *Opplysningar til Stadnamn frå Sagvåg*. *Avløype*-stadene der har grunne sund like ved, og han tolkar derfor ordet som ‘stad der sjøen renn av’ (Stautland 1976: 100). Simon Steinsbø skriv i *Gards- og ættesoge for Sveio* at «namnet *Avløypet* er kjent frå fleire stader på Vestlandet og er ofte nes som stikk ut i leia. Namnet kjem truleg av at ein frå neset ‘løyper av’, eller frå landet» (Steinsbø 1987: 236).

Tolkingane ovanfor viser usemje og liten klarleik. I dag er tydinga til ordet *avløype* mest bestemt av stadene med dette namnet. Staffan Nyström skriv om ei liknande utvikling som har skjedd med ordet *ård*, eit dødt terrengord i svensk:

Innebörden i namnelementet -ÅRD(EN) är för en namnebrukare lika med syn-tesen av alla enskilda namn på -ård(en), som finns i hans onomastikon; en sorts minsta gemensam nämnare för en mängd platser.

(Nyström 1995, 85)

For å finne fellestrekk mellom stadene med *avløype* i namnet har eg sett saman eit namneinventar og eit tilhøyrande atlas som famnar om 62 ulike namn, fordelt på 157 ulike stader. Atlaset inneheld berre 97 kart, fordi mange av namna er sekundærnamn, som er synlege på same kartet som primærnamnet.

2 Namneinventaret

Namneinventaret og koordinatane er tekne frå Sentralt stadnamnregister (SSR), Stadnamnsamlinga ved Universitetet i Bergen og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Tabell 1. Normert namneinventar

Avløyp (2)	Avløypet (66)	Indre Avløypet
Avløypa	Avløypetjørna (2)	Litla Avløypet
Avløypebleikja	Avløypesundet	Litla Avløyptåna
Avløypeboen	Avløypevadet	Litle Avløypeskjeret
Avløypedalen	Avløypevika (6)	Nordra Avløypa
Avløypeeidet	Avløypevikholmen	Nordre Avløypevika
Avløypeflore	Avløypevågen	(2)
Avløypeflua (2)	Avløypsbrekkene	Nordra Avløypeneset
Avløypehaugen	Avløypshola	Nordra Avløypet (2)
Avløypehogen	Avløypsholmen	Nordra Avløypsur
Avløypeholmen (3)	Avløypskjerene	Sigleavløypet
Avløypemyra	Avløypsnibba	Store Avløypeskjeret
Avløypenakken	Avløypsskjeret	Søra Avløypa
Avløypene	Avløypsundet	Søra Avløypeneset
Avløypenesberga	Avløypsvika (2)	Søra Avløypet (2)
Avløypeneset (11)	Avløypsøy	Søra Avløypevika
Avløypenesgytten	Avløypsåkeren	Søra Avløypsur
Avløypesholmen	Avløyptjønna	Søre Avløypevika
Avløypesanden	Avløypvika	Vestra Avløypevika
Avløypeskjeret (5)	Avløypvågen	Ytre Avløypet
Avløypesundet (3)	Hålandsavløypet	Ålupdalen

Eg fekk ikkje høve til å hente namn frå stadnamnarkivet for Rogaland ved Universitetet i Stavanger. Det kan derfor vere namn frå Rogaland som ikkje er komne med her. Tabell 1 viser alle namna i inventaret, utan dublettar. Namn som førekjem fleire gonger har talet på førekomst i parentes.

Eg har normert terrengordet til *avløype*, men i namneinventaret finst det fleire ulike skrivemåtar: *avløyp*, *ovløyp*, *åløyp*, *avløyb*, *avlaup*, *avløp* og *åløp*.


Ordet er eit inkjekjønnsord, men har i namnet *Avløypene* gått over til hokjønn, eit døme på fenomenet Oluf Rygh skriv om i NG Indl. s. 11 f., der inkjekjønnsord i gamle stadnamn går over til å vere hokjønnord i fleirtal.

Det er berre i namna *Avløypene*, *Avløypa*, *Søra Avløypa* og *Nordra Avløypa* at *avløype* er heimla i fleirtal.

Avløype blir kategorisert som eit svakt inkjekjønnsord i stadnamnlitteraturen. Likevel finst det samansette namn der *e*-en er sløyfa eller erstatta med *s*-fuge: *Avløyptjønna*, *Avløypvika*, *Avløypvågen*, *Avløypsskjeret*, *Avløypsundet*, *Avløypsøy* og *Avløypsåkeren*.

Det finst berre to usamansette namn i ubunden form: Dei denoterer eit nes i Gulen og eit bruk i Askvoll. Den usamansette og bundne forma *Avløypet* er den mest frekvente med sine 66 førekomstar. *Avløypevika*, *Avløypvika* og *Avløypsvika* har til saman 9 førekomstar. *Avløype* har utmerkjingsord berre i namna *Hålandsavløypet* og *Sigleavløypet*.

Figur 2 viser alle stadene i inventaret. På kartet ser ein ei tydeleg stripe langs kysten, som er om lag 300 kilometer lang og 30 kilometer brei. Dei to største konsentrasjonane finst i Austevoll og Solund.



Figur 2. Avløype-namn i Noreg. Kartet byggjer på data frå Kartverket, Stadnamnsamlinga og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Utanfor stripa finst det berre to stader på Sunnmøre, éin stad i Hemsedal og éin stad i Hedmark. Stadnamnet i Hemsedal har den moderne tydinga ‘avløypsrøyr’, og skil seg derfor frå dei andre namna.

Tydinga til stadnamnet *Avløypet* i Vanylven på Sunnmøre er uklar. Staden i Hedmark heiter *Avløpstjønn*, og eg har ikkje funne fleire opplysingar om han. Om ein ser vekk frå desse tre namna, er området til *avløype*-namna ganske avgrensa.

Atlaset viser i større målestokk kvart punkt i figur 2, altså kvar stad med eit namn som inneheld ordet *avløype*. Eg sende brev med aktuelle atlassider til historielag i områda der stadene ligg, med spørsmål om tolking og kartfesting. Eg sende brev til 29 ulike historielag og fekk 15 svar tilbake. Desse svara, i tillegg til informasjonen i namneinventaret og sjølve kartfestingane, har vore grunnlaget for analysen.



Figur 3. *Avløypet på Seløyna i Øygarden. Her ser ein det karakteristiske eidet som mange av stadene har. Foto: Jesse Bratt.*


3 Analyse

Dei fleste namna i namneinventaret inkluderer metadata om terrengkategorien, som til dømes *nes* eller *haug*. Tabell 2 viser terrengkategoriane til dei 66 namna der ordet *avløype* står aleine. Dette gir eit bilete av kva slags terrengformasjonar ordet *avløype* denoterer i dag.

Stadene er ulike, men dei fleste er anten holmar eller nes. Om ein slår saman kategoriane øy og holme, og kombinerer liten klubb, lita halvøy og avskore land med kategorien nes, blir desse to kategoriane endå sterkare. Den jamne fordelinga mellom kategoriane *nes* og *holme* gir mening når ein ser på kartfestingane. Ofte er stadene holmar som ligg veldig nær land. Ofte er det eit smalt landstykke som bind dei saman ved fjære sjø. Namna denoterer vatn i tillegg til land: Det er åtte vikar, seks sund og ein bakke i sjøen med namnet *Avløypet*.

Tabell 2. Kva *Avløypet* denoterer

13 holme	1 avskore land
12 nes	1 bakke i sjø
8 vik	1 hol med slåttemark
6 sund	1 liten klubb
3 berg	1 skogvakse område
3 lita halvøy	1 utlaup
3 øy	1 øyr
2 dal	



Figur 4. Avløype i Hordaland.

Figur 4 viser to stader som skiftar mellom å vere nes og holme. Staden i Øygarden er den same som på biletet i figur 3. Dei mørkegrå områda viser tørrfall, som Kartverket definerer slik i objektkatalogen sin: «Tørrfall kalles den delen av sjøbunnen som strekker seg fra 0,5 meter under sjøkartnull og opp til kystkonturen». Det vil seie at desse områda er under vatn ved høg sjø og over vatn ved låg sjø. Mange av stadene ser ut til å vere tilknytte fastlandet med eit tørrfall-område som gjer at dei vil skifte mellom å vere holme og nes, avhengig av tidevatnet.

Det er mogleg at terrengordet *avløype* har vore brukt om slike tørrfall, og så har denotasjonen sklidd over til å vere nærliggande stader, anten dei avdelte landområda eller vikane like ved, etter kvart som terrengordet har gått ut av bruk som appellativ. Men denne teorien kan ikkje forklare alle stadene. Til dømes er det berre éin stad av dei sju heimla hos Selle der vatnet faktisk går over eidet som skil dei frå fastlandet. Vidare er det to av dei som ikkje har eit slikt eid i det heile teke.

Eit anna døme på eit *avløype*-namn som ikkje blir forklart av denne teorien, er *Avløypeneset* på Huglo i Sunnhordland. Denne staden ligg i ein innsjø, utan tidevatn, og han manglar det smale eidet som dei fleste andre har (Bratt 2017: 77–79). Her finst det ei kløft som skil neset ut frå terrenget. Kan hende ordet *avløype* her viser til avsatsen, til liks med stadene utan eid hos Selle.

Likevel går tolkinga med tørrfall igjen i dei fleste av svara eg fekk frå historielaga. Til dømes skriv Alf Strand dette om *avløype*-namna i Solund:

Eg er oppvaksten på Strand i Solund, nabogarden til garden Avløypet. I utmarka på Strand har me også Litle-Avløypet, eller Litje-Avløypet som dei gamle sa. Mi tyding av namnet er denne: Avløypet betyr ein formasjon som sjøen deler av frå fastlandet. Garden Avløypet i Solund er ei halvøy. På høg flo og stor sjø er Avløypet delt i ei halvøy og to øyar. Litle-Avløypet er ei halvøy på fjære sjø og ein holme på floa. (Alf Strand, E-postkorrespondanse, 26. februar 2018)

Drøftinga ovanfor har vist at inga tolking kan forklare alle stadene, sjølv om tørrfall-tolkinga verkar å dekkje flest stader. Men fordi ordet har gått ut av bruk som appellativ, og ikkje finst anna enn i stadnamn, er det vanskeleg å seie noko om korleis tydinga til terrengordet *avløype* har utvikla seg.

Likevel kan ein seie noko om når og kor *avløype* blei brukt som appellativ. Når stadene med *avløype* i namnet er avgrensa til vestlandskysten, tyder dette på at bruken av *avløype* som appellativ var avgrensa til dette området. Det virkar usannsynleg at ordet har vore i allmenn bruk og ikkje blitt dokumentert, og ikkje brukt i stadnamn andre plassar.

Når *avløype* er ukjent som appellativ og udokumentert i ordbøker, tyder dette på at ordet berre har blitt brukt som terrengord ein kort periode.

Om det hadde vore brukt som terrengord i lang tid, ville ein òg ha forventa fleire namn der *avløype* tok eit utmerkingsord, som til dømes Hålands-avløpet.

Sjølv om tydinga er uklar, høyrer terrengordet *avløype* til dei gamle dialektene langs vestlandskysten, og stadnamn med dette ordet er eit særmerke for regionen.

Referansar

- Bratt, Jesse 2017: *Stadnamn på Huglo*. Upublisert masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Hallaråker, Peter 1976: *Skjergardsnamn frå Bremnes*. Oslo.
- Norsk Ordbok = Alf Hellevik o. fl. (red.): *Norsk ordbok*. 1–12. Oslo 1966–2014.
- NG 11 = Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne 11. Gaardnavne i Søndre Berghenhus Amt*. Udgivne med tilføiede Forklaringer af Magnus Olsen. Kristiania 1910.
- NG Indl. = Oluf Rygh: *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Kristiania 1898.
- NSL = Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo 1997.
- Nyström, Staffan 1995: Lexikon och onomastikon – två samverkande system. *NV* 12. 81–87.
- Selle, Ole Andreas 1948: *Stadnamn frå eit øyrike (Vestre Bremnes)*. Upublisert hovudfagsavhandling. Universitetet i Oslo.
- Stautland, Harald 1976: *Opplysningar til Stadnamn frå Sagvåg*. Upublisert hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen.
- Steinsbø, Simon 1987: *Gards- og ættesoge for Sveio*. Bd. 2: Skulekrinsane Bua, Vikse, Vandaskog og Sveio. Sveio.
- Aarø, Kari Lønning og Jan Rabben 2001: *Namnevandring i Stord og Fitjar*. Stord.